

|      |                  |                                                                                       |                                                                                                            |  |
|------|------------------|---------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|
| Dato | Elevkode<br>S619 | Kjønn:<br><br>jente <input checked="" type="checkbox"/> gutt <input type="checkbox"/> | Det første<br>språket du lærte:<br>norsk <input checked="" type="checkbox"/> anna <input type="checkbox"/> |  |
|------|------------------|---------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|

## SJØLVBIOGRAFIEN MIN!

Eg heiter FI. Eg er 12 år. Eg blei født den 5. juni 2001.

Eg blei født på NI Sjukehus. Eg bur i NI kommune.

Eg har alltid budd med mamma, F2 og pappa, M1. Heilt sidan eg blei født har eg budd med masse dyr. Eg har budd med desse dyra: Hest, sau, gjæser, katt, hund, fisk, kanin og hamster. Når eg var 2 år fekk ein litlebror som heite M2. Han er autist, men han er VERDENS BESTE BROR!!!! Mangen tenker korleis kan det vera verdens beste bror når han er autist? Men det er ganske lett og svara på fordi han er veldig snill og morosam. men Når eg var 10 år fekk eg ein litlebror til som heiter M3. M2 liker ikkje M3 fordi at han er ganske bråkete av og til. Det synest alle i familien i grunn... Ein av dei viktigaste familiemedlemmene vår er ganske sikkert dyra. Dyra eg har no det er hesten, Maya, hunden Kira, kattungen Mummi, Katten, Kaptein Sabeltann og hamsteren, Rocky.

Når eg var liten likte eg fotball, men så slutta eg, så eg byrja på symjing, men eg slutta. Så eg begynte på fiolin og karate, men eg slutta på begge dei tinga.

Eg Går på skule og då sjølv sagt, eg går i 7. Klasse. Eg likar spesielt faga Gym og Kunst og Handtverk. Eg likar og dei andre men dei er ikkje favorittane. Men eg tenkte at sida eg likte meg godt i vann så eg byrja på symjing igjen. Og det har eg ikkje slutta på enno men når eg gjekk i 6 klasse, bytta eg symjeklubb frå IL N2 til NI. NI er mykje betre enn det N2 var. Og eg er nok veldig masse med venner i helga.

PS: KVA ER MEINGA MED FOTBALL EGENTLIG???

I framtida mi vil eg ha ein liten bondegard med litt dyr. Og eg vil bli fysioterapeut når eg blir stor. Og sist men ikkje minst forsetta med symjing!!!